

Ledig stilling!

Bømlo indremisjon søker forsamlingsarbeidar i 20 % stilling

- **Er du glad i Jesus?**
- **Får du energi av å vere med andre menneske?**
- **Bur du på Bømlo eller i nærleiken?**
- **Ynskjer du å vere med å løfte Bømlo bedehus til ei ny tid?**

Då er det kanskje *deg* me ser etter! Som forsamlingsarbeidar får du moglegheit til å vere med å utvikle vårt fellesskap slik at fleire kan bli kjent med Jesus.

Arbeidsgjevar: Bømlo indremisjon

Stillingstittel: Forsamlingsarbeidar i Bømlo indremisjon

Søknadsfrist: 29.05.25

Søknad og cv blir sendt til: berthaeidesvik@hotmail.com

Tilsetjingsform: fast

Tilsetjing: etter avtale

Bømlo bedehus ligg i hjarta av Langevåg, og ynskjer å vera ein møtestad for folk i alle aldrar.

Bømlo Indremisjon byggjer arbeidet sitt på Bibelen Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenning. Den som vert tilsett må difor vedkjenne seg den lutherske tru, vere over 18 år og kunne jobbe ettermiddag, kveld og helg.

Bømlo Indremisjon er tilslutta Indremisjonsskipnaden og dermed òg indremisjonsforbundet, og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i organisasjonen.

Arbeidsområde:

- Forsamlingsutviklande arbeid
- Oppfylging og vidareutvikling av det eksisterande barne –og ungdomsarbeidet

Endelege ansvarsoppgåver og arbeidsinstruks vil definerast i arbeidsinstruksen som formar stillinga, og enkelte arbeidsoppgåver vil bli utforma i samarbeid med den som vert tilsett.

Kvalifikasjonar me ser etter:

- Evne til å fremje Guds rike og halde oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid
- Bidra til eit varmt og inkluderande fellesskap
- Gode samarbeid –og kommunikasjonsferdigheiter
- Evne til å jobbe strategisk, langsiktig og sjølvstendig
- God til å byggje relasjonar
- Erfaring frå liknande arbeid
- Personlege eigenskapar tas omsyn til

Me kan tilby:

- Lønn etter ImF-regulativ
- Fleksibel arbeidstid
- Moglegheit til å vera med å utvikle eit spanande og viktig arbeid.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Bertha Eidesvik:

- Epost: berthaeidesvik@hotmail.com
- Tlf: 47374997